



DEN NORSKE KYRKJA

Møteprotokoll

Bjørgvin bispedømeråd : Bispekontoret, den 10.02.2010

Tilstades i møtet:

Medlemmer: Magne Skjeldal (leiar), Bodil Birkenes, Cathrine Halstensen, Henny Koppen, Ingmar Ljones, Roar Strømme, Egil Morland, Tone Synnøve Øygard Steinkopf, Monica Ugulsvik og biskop Halvor Nordhaug

Andre:

Stiftsdirektør Helge Taranrød (alle saker, med unntak av sak 012/10)

Seksjonsleiar Gunvor T. Mjanger (006/ - 015/10)

Seksjonsleiar Tore Skjæveland (006/ - 015/10)

Økonomirådgjevar Solfrid Rong (sakene 006/ - 009/10)

Rådgjevar for informasjon og kyrkjeleg forvaltning Jens Z. Meyer (sak 010/10)

Personalrådgjevar Christer Olsen (sak 015/10)

Saker som er handsama: 001/10 - 015/10

Underskrifter:

Magne Skjeldal (leiar)

Halvor Nordhaug

Bodil Birkenes

Cathrine Halstensen,

Henny Koppen

Ingmar Ljones

Egil Morland

Roar Strømme

Monica Ugulsvik

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Utskrifter:

Medlemer, varamedlemer, administrasjonen, prostane i Bjørgvin, Presteforeininga, TeoLOGene, dei andre bispedømekontora, Kyrkjerådet og KKD.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsak	Sakstittel	Å/L
001/10	09/263	Godkjenning av innkalling og sakliste	Å
002/10	09/262	Godkjenning av møtebok	Å
003/10	10/18	Konstituering av nytt bispedømeråd	Å
004/10	10/18	Møtegodtgjering for medlemene i Bjørgvin bispedømeråd	L
005/10	10/18	Godtgjering for leiaren i Bjørgvin bispedømeråd	L
006/10	07/238	Økonomirapport år 2009 - kap 0340/3340 Kyrkjeleg administrasjon	Å
007/10	08/203	Budsjett år 2010 - kap 0340 Kyrkjeleg administrasjon	Å
008/10	07/238	Økonomirapport år 2009 - kap 0341/3341 Presteskapet	Å
009/10	08/203	Budsjett år 2010 - kap 0341 Presteskapet	Å
010/10	06/547	Betaling for bruk av kyrkjene i Bergen ved gravferd	Å
011/10	06/444	Kirkens Familievern - omorganisering	Å
012/10	09/226	2010 Søknader Opplysningsvesenets fond OVF	Å
013/10	09/200	Tiltaksplan 2010	Å
014/10	10/19	Strategiplan for Bjørgvin biskop og bispedømeråd	L
015/10	09/261	Referat- og orienteringssaker	Å/L

001/10: Godkjenning av innkalling og sakliste

BDDR-001/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

002/10: Godkjenning av møtebok

BDDR-002/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Møtebok for møtet den 8.12.2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

003/10: Konstituering av nytt bispedømeråd

BDDR-003/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Magne Skjeldal er vald til leiar for Bjørgvin bispedømeråd for perioden 2010 – 2011.
2. Cathrine Halstensen er vald til nestleiar for Bjørgvin bispedømeråd for same periode.
3. Det vart halde skriftleg val.

004/10: Møtegodtgjering for medlemene i Bjørgvin bispedømeråd

BDDR-004/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd har fastsett godtgjering med kr 1000 for møtande medlemmer.
2. Bispedømerådet bed administrasjonen undersøkje medlemene sine rettar til kompensasjon for tapt arbeidstid.

005/10: Godtgjering for leiaren i Bjørgvin bispedømeråd

BDDR-005/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Leiaren for Bjørgvin bispedømeråd i perioden 2010 – 2011 vert godtgjort med kr 3.000 kvar månad.
2. Bispedømerådsleiaren får i tillegg møtegodtgjering med kr 1000 pr. møte.

006/10: Økonomirapport år 2009 - kap 0340/3340 Kyrkjeleg administrasjon

BDDR-006/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tek økonomirapport for kap 0340/3340 til vitande.

007/10: Budsjett år 2010 - kap 0340 Kyrkjeleg administrasjon

BDDR-007/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd vedtar budsjettet for kap 0340 post 01 – Kyrkjeleg administrasjon, i samsvar med framlegget frå administrasjonen. Budsjettet har ei total kostnadsramme på kr 11.225.000.

008/10: Økonomirapport år 2009 - kap 0341/3341 Presteskabet

BDDR-008/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tek økonomirapport for kap 0341/3341 Presteskabet til vitande.

009/10: Budsjett år 2010 - kap 0341 Presteskabet

Stiftsdirektøren gjorde framlegg om å stryke punkt 8 i lista over styringsprinsipp. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Medlemet Roar Strømme kom med følgjande framlegg i saka:

1. Bjørgvin bispedømeråd vedtar budsjettet for år 2010 for kap 0341 Presteskabet i samsvar med administrasjonen sitt framlegg. Budsjettet er i balanse og har ei total kostnadsramme på kr 100.889.000.
2. Bispedømerådet vedtek følgjande styringsprinsipp for økonomistyringa i 2010:
 1. *Gudstenester og kyrkjelege handlingar må prioriterast. Dette kan innebere at sokneråd og friviljuge må ta større ansvar.*
 2. *Innføre prostivise rammer for prestenesta.*
 3. *Kraftig reduksjon i ferievikarar.*
 4. *Bruke prosti- og vikarprestane ved både korttids- og langtids fråvær/ ledighet. Vikarreknningar må dekkjast innanfor budsjetttramma for prostiet.*
 5. *Ved skifte i prestestillingane vert det lagt inn pålagt innsparing tilsvarande 2 månadsverk.*
 6. *Personaltiltaka (ABV, kompetanseutvikling m.m.) vil halde fram som før. Unntaket er imidlertid stans i nye permisjonar som krev ekstra vikar.*
3. Tiltrådingane frå arbeidsgruppa som vurderer fordelinga av presteressursar, skal følgjast opp, for snarast råd å få eit volum på dei faste stillingane som gjev økonomisk rom for normal vikardekking.

Punkt 1 og 2 i framlegget fall med 7 stemmer mot og 3 stemmer for.

Punkt 3 i framlegget vart samrøystes vedteke.

BDDR-009/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd vedtar budsjettet for år 2010 for kap 0341 Presteskabet i samsvar med administrasjonen sitt framlegg. Budsjettet er i balanse og har ei total kostnadsramme på kr 100.889.000.
2. Bispedømerådet vedtek følgjande styringsprinsipp for økonomistyringa i 2010:
 1. *Gudstenester og kyrkjelege handlingar må prioriterast. Dette kan innebere at sokneråd og friviljuge må ta større ansvar.*
 2. *Innføre prostivise rammer for prestenesta.*
 3. *Prosten skal til ei kvar tid ha ein av dei faste prestane disponibel i prostiet.*
 4. *Kraftig reduksjon i ferievikarar.*

5. *Bruke prosti- og vikarprestane ved både korttids- og langtids fråvær/ ledighet. Vikarrekingar må dekkjast innanfor budsjetttramma for prostiet.*
 6. *Ved skifte i prestestillingane vert det lagt inn pålagt innsparing tilsvarende 2 månadsverk.*
 7. *Personaltiltaka (ABV, kompetanseutvikling m.m.) vil halde fram som før. Unntaket er imidlertid stans i nye permisjonar som krev ekstra vikar.*
3. Tiltrådingane frå arbeidsgruppa som vurderer fordelinga av presteressursar, skal følgjast opp, for snarast råd å få eit volum på dei faste stillingane som gjev økonomisk rom for normal vikardekking.

010/10: Betaling for bruk av kyrkjene i Bergen ved gravferd

BDDR-010/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Medlemet Ingmar Ljones kom med følgjande utsetjingsframlegg:

1. Saka vert utsett.
2. Stiftsdirektøren vert beden om å henta inn informasjon frå andre bispedøme, KA og departementet om betaling for bruk av kyrkja til kyrkjelege handlingar.
3. Saka vert deretter lagt fram til ny handsaming i rådet.

Framlegget fall med 7 stemmer mot og 3 røyster for.

Medlemet Ingmar Ljones kom med følgjande framlegg i saka:

1. Bjørgvin bispedømeråd godkjenner at Bergen kirkelige fellesråd kan ta betaling for bruk av kirkene til gravferd.
2. Bispedømerådet utarbeider nærare reglar for betaling for bruk av kyrkja til gravferd.
3. Ordninga vert gjort gjeldande for året 2010.

Framlegget fall med 8 stemmer mot og 2 røyster for.

Stiftsdirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. I tråd med kyrkelova §20 2.ledd har Bjørgvin bispedømeråd handsama søknad frå Bergen kyrkjelege fellesråd om godkjenning av reglar for betaling for bruk av kyrkjer i Bergen (dagsett 21.12.2009).
2. Bispedømerådet viser til innarbeidd sedvane med at kyrkjemedlemer ikkje betaler for kyrkjelege tenester i eige sokn. Kostnadene ved desse kyrkjelege handlingane skal dekkjast av kyrkjeskatten. Innføring av avgift på desse kyrkjelege tenestene vil kunne skape inntrykk av at dette er tenester ein kjøper, og tilslører dessutan ansvaret det offentlege har for å yte naudsynte midlar til den kyrkjelege drifta.
3. Med bakgrunn i bispedømerådet si haldning til spørsmål knytt til betaling for kyrkjelege handlingar, vert søknaden ikkje godkjend. Dette inneber at Bergen

kyrkjelege fellesråd ikkje kan ta avgift for gravferd utført i kyrkjene. Unntaket er når det vert søkt om slike handlingar i sokn ein ikkje er medlem av.

4. Det vert vist til Bjørgvin bispedømeråd sitt standardreglement for betaling for bruk av kyrkjene. Bispedømerådet ser ikkje grunnar for å endre dette reglementet i retning av stykkprisbetaling for tenester.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster.

011/10: Kirkens Familievern - omorganisering

BDDR-011/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd har som eigar av dei kyrkjelege familievernkontora i Bergen og Nordfjordeid motteke framlegg frå Kirkens Familievern sentralt om å omorganisere det kyrkjelege familievernet i Noreg.
2. Bispedømerådet vil leggje til grunn drøftinga i bispedømerådsmøtet og fråsegn frå styra for kontora for eiga fråsegn.
3. Bispedømerådet gjev Magne Skjeldal og Henny Koppen mynde til å sende fråsegn til Kirkens Familievern sentralt.

012/10: 2010 Søknader Opplysningsvesenets fond OVF

BDDR-012/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tildeler midlar frå Opplysningsvesenets fond for 2010 i tråd med administrasjonen sitt framlegg og dei endringane som kom fram i møtet.

013/10: Tiltaksplan 2010

BDDR-013/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd har vedteke Tiltaksplan for 2010 for eiga verksemd i tråd med administrasjonen sitt framlegg og med dei endringane som kom fram i møtet.

014/10: Strategiplan for Bjørgvin biskop og bispedømeråd

BBDR-014/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin biskop og bispedømeråd vil utforme ny strategiplan for eiga verksemd for perioden 2011 – 2014.
2. Strategiplanen skal vere førande for dei årlege tiltaksplanane for bispedømerådet, biskopen og prostane.
3. Strategiplanen skal ta utgangspunkt i Kyrkjemøtet sine satsingsområde for perioden 2009 – 2014 og visjonen for Bjørgvin bispedøme.
4. Dei lokale kyrkjelege organa, tenestegruppene og tillitsvalde skal verte inviterte til å kome med innspel før framlegg til ny strategiplan vert sendt på høyring.
5. Bispedømerådet oppnemnar ei strategigruppe med mandat til å utforme høyringsutkast på bakgrunn av innhenta innspel, gjennomføre høyring og utforme framlegg til vedtak for bispedømerådet.

Strategigruppa skal ha følgjande samansetjing:

Prost oppnemnd av prostane

Kyrkjeverje oppnemnd av kyrkjeverjelaget

Prest oppnemnd av Presteforeininga

Kyrkjemusikar oppnemnd av MFO

Diakon oppnemnd av Diakonforbundet

Kateket oppnemnd av Kateketforeininga

Roar Strømme (oppnemnd av bispedømerådet)

Medlem oppnemnd av ungdomsrådet

Stiftsdirektøren

6. Ny strategiplan skal presenterast i form av ein plakat.
7. Bispedømerådet fastset følgjande prosess og tidsplan:

UTARBEIDING AV UTKAST

10.februar	Bispedømerådet – vedtak om budsjett og tidsplan
23.februar	Drøfting i staben
9.mars	Drøfting i seksjonane på bispedømekontoret
15.mars	Møte i strategigruppa
16.mars	Bispedømerådsmøte
14.april	Møte i strategigruppa
	Fagdagar for diakonar, kateketar og kyrkjemusikarar
28.april	Stabstur for bispedømekontoret
5.mai	Møte med kirkevergen i Bergen
12.mai	Kontaktmøte med tillitsvalde for prestane
12.mai	Kontaktmøte med tillitsvalde på bispedømekontoret
??.mai	Møte med Kyrkjeverjelaget
26.mai	Prostemøte
1.juni	Stiftsmøte – presentasjon av framlegg til strategiplan

HØYRING/VEDTAK

23.august	Strategikonferanse (bispedømerådet, prostane og tillitsvalde)
-----------	---------------------------------------------------------------

- 1.september Høyringsbrevet sendast ut til:
Sokneråda, fellesråda, prostane, prestane, diakonane, kateketane,
kyrkjemusikarane og tillitsvalde.
- 15.oktober Høyringsfrist
- ??.oktober Møte i strategigruppa
- ??.oktober Kontaktmøte med tillitsvalde for prestane
- ??.oktober Kontaktmøte med tillitsvalde på bispedømekontoret
- 2.november Bispedømerådet – vedtak ny strategiplan**

015/10: Referat- og orienteringssaker

BDDR-015/10 10.02.2010 Bjørgvin bispedømmeråd vedtak:

Dei framlagde sakene vert tekne til orientering.

